

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *Helsing, fakter og  
åtferd.*

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: *36*

Oppskr. av: *Johan Moan,*

(adresse): *Leksvik*

Fylke: *N. Trøndelag*

Herad: *Leksvik.*

Bygdelag: *Leksvik sokn*

Gard: *Moan*

G.nr. *8* Br.nr. *1*

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

*Etter fouldra mine som snart er 80 år gamle og som har vore bønder her*

B. Eller om den er etter andre heimsmenn? (ta også med alder, heimstad, yrke):

*i Leksvik, Utsøtan eller eige røynsle.*

## SVAR

1. Det har vore, og er framleis vanleg at folk uttrykkjer "ja" med å nikka framover med hovudet. Vei ein uttrykkja "nei" skakar ein på hovudet, rundt eller til sidene. Ein veit ikkje om at folk har uttrykt "ja" eller "nei" med hendene.

2. Før i tida var det vanleg at dei helste på alle dei møtte. No helsar ein berre på dei ein kjenner, - eller på framande når ein vil ha ein prat med dei.

3. Før var det ikkje nett nokon fast regel om kven som skulle helsa først, når ein møttest.

4 og 5. Til vanlege folk sa ein t.d. "god dag" utan å ta av seg hatten eller hūva. Møtte ein derimot presten, doktoren, lensmannen eller læraren måtte også det gjerast. Men ein veit ikkje om at folk gjekk ut i vegveita.

Til spørsmåla 6 og 7. Nei.

8. Vanlege folk handhelta som regel ikkje på kvarandre om dei møttest på vegen. Kom ein derimot på vitjing, skulle det handhelsast - til og med på dei minste barna. Det hende da ofte, at småbarn som var blyge gjemde seg med å stikka andletet inn i stakken til mora.

9. Det har vori - og er framleis eit uttrykk for glede eller venskap når ein klappar nokon på øksta.

10. For i tida var det ein og annan som tok av seg hatten når dei høyrde kyrkjeklokka, men det var ikkje ålment.

11. Når ein møtte likferd synta ein samkjensle med å ta av seg hatten og stå slik til siste herken hadde passert. Det vart og ofte sagt "goddag" til kvar ein skild sjussen i likferda. Møtte ein brøfard helsa ein alltid kvar sjussen, og det vart da alltid vifta litt med hova.

12. Ein veit ikkje om at folk nokosinne har brukt å helsa på visse dyr eller ting.

13. "Gomorn" eller "god morn" vart sagt frå ein stod opp til det var stikkelyst. I den lyse årstida helste

ein på denne måten til ein hadde  
esi morgonmaten - eller litt lenger.  
Så vart det "god dag." Denne form for  
helsing vart brukt til det mørkna i  
den mørke årstida. I den lyse årstida-  
til i 7-8-9-tida om kvelden. Da vart  
det "god kveld."

"God natt" vart berre brukt når ein  
gjekk frå kvarandre seint om kvelden,  
og kunne da vera det same som "farvel."

14. Somme synest det er meinings-  
laust at folk skal helsa "gornorn" om  
kvelden. Dei som helsar på denne måten  
synest naturlegvis ikkje så.

15. Veit ikkje.

16. Ænda er det vanleg med "gornorn" om  
morgonen, "goddag" om dagen og "godkveld"  
om kvelden. Men pratar ein i telefonen,  
er det "gornorn" til alle tider.

17. Helsingmåtene "velsign strevet",  
"velsign maten", "velsign laget", "velsign  
kvila" og "velsign arbeidet" er framleis  
ålment i bruk.

I staden for å helsa "goddag" vart  
for helsa med "sign mot" eller "sign  
motet." (mötet) Denne måten å helsa  
på har heldt seg til ikkje for lenge sidan  
i Mosvikmarkabygda, ei grend av Mosvik  
som støyter mot Lekvik markabygd. Så  
seint som i 1930 var også denne  
helsingmåten i bruk i Trongsundet i

Verran (oparnebygd til Leksvik). Men  
no er det dessvare ingen lenger som  
helsar på denne måten.

19. Om ein først helsa på "far sjöl i  
stua" uta på tønnet, så var det alltid  
skikk også å helsa på dei inne, når  
ein var komen inn.

20. Når ein ville tala med husefaren  
åleine, bad ein gjerne om ei samtale  
på tommandshand.

21. For var det ikkje skikk og bruk  
å banka på døra for ein gjekk inn.  
Det er siste mannsalderen at denne  
skikken smått om senn er komen  
i bruk.

23. Det var vanleg for at den som kom  
stod att med døra til nokon bad han  
setja seg.

24. Slatten eller hvara skulle alltid av  
med same ein var komen inn.

25. Til den som vente ved døra vart  
sagt: "Versagod å sit ned." Eller: "Sjå  
om du finn deg ein stol."

26. Om det så var fantar som kom  
inn, så vart og desse møtt med  
same orda.

27. Kom framande til gards, vart dei som regel helst på slik som det vart brükt mot kjende.

28. Det var ikkje alltid slik <sup>för</sup> at stolane eller benkjene var så velpussa eller reinvaska til kvar tid som no. Og det var vanleg både når framande eller kjende kom at husrone eller ei anna stücke dumba eller bosset av sitjeplassen, för den framande sette seg.

29. Når ein gjest var kommen og det var sagt "goddag" og "goddag igjen", så alltid vertsfolka: "Velkommen hit."

30. Når folk skildest etter kvardagslege vitjingar, sa ein: "Dü må lävä så vel" og "Takk, det same igjen."

31. Ved avskil vart sagt: "Lävä vel," og "Lökk' på reisa."

32. Det har aldri, såvidt vit, vori skikk her i Laksvik ä gjeva avskilskyss.

34. Ein bruker og ordet "jöling" (med Hjäkk r. for l.) i staden for kyssing.

38. Vil ein ha eit kyss hos ein unge spør ein gjerne slik: "Skal eg få meg eit kinnbein hos deg?" Eller: "Lär eg eit kinnbein."?

39. Skikken med at vaksne "byter nase" med småbarn held seg enda. Det er gjerne slik, at før dei er ferdige, har barnet fått byta att sin eigen nase.

40. Tven som helst kunne "byta nase" med småbarn.

41. Veit ikkje om det har vorte gjort.

42. Den mest vanlege form for kyssing har vori å leggja kjake mot kjake. Ville ein skela, heitte det "å ta seg god-kinnbein."

43. "Å ta seg kinnbein" kunne bli gjort av folk i alle aldrar.

44. Uttrykket "til lække" kunne til dømes bli brukt når nokon hadde kjøpt seg ei løkka, ein brukthest eller liknande.

45. Nett före jül vart sagt: "God jül, da." I mellomjula vart sagt: "Te lække med jula." Dei første dagane på det nye året sa ein: "Te lække med nyåret."

Noko liknand vart sagt i påska: "Te lække med helga." Men for andre høgtids eller festdagar var ikkje brukt noko særskild helsing.

46. Veit ikkje

47. Veit ikkje

49. Ein kunne syna eit anna memaske vanvyrnad ved retta tunga ut av munnem og ved å spotta etter han - eller henne.

Men det fans og ein annan og styggare måte å gjera det på: Å syna viddomande bakenden sin, så snau og blank som han var.

Noke serleg ålment var iktje dette. Men det har hendt til og med under foliksrådsmøte. For omllom 60 og 70 år sidan skulle foliksrådet få 2 kjeringar oppi markabygde folikte. Møtet tok til med at ei kjerring stod på kvar side av elva og brukte kjift på den andre. Da dei hadde kômmt seg på den måten, snudde dei bår bakenden mot kvarandre og drog stakkane framover ryggen. Så gjikk dei baklengs slik, til dei møttest midt i elva. Der vart dei ståande å gnu bakendane mot kvarandre.

Da sa ein av foliksrådmedlemene: "Stüff! Kom og gå heim, Moxnes."

Og så gjikk folikskallum sin veg.

~~Had~~ Nedskrivaren av dette stüppe og ein gong å få sjå ei kone syna ein gamal mann, ho var sinna på, snaut bakenden sin. Det er no kring 30 år sidan.

No for sida er det ingen som gjer slikt.

50. Det er vanleg å seia, De "til prestem,  
doktoren og lensmannen. Dessutan  
til framande, eller eg andre som  
ein synes står over seg på rangstigen.  
Med tinnabak av prest, doktor og lens-  
mann blir sagt dei til alle andre  
i bygda.

51. Nei, men somme seier "prestem"  
og "doktoren", når dei taler med  
desse.

Seksvik i jula 1952.  
Johan Moan.